

Vekeplan 5. trinn veke 39

Vekas beskjeder:

Denne veka vert landbruksveka. På mandag kjem det ein del traktorar slik at det vert ei lita traktorutstilling. På onsdag vert det først eit lite føredrag frå bondelaget, før det vert ein demonstrasjon i partering av ein sau. Dei andre trinna skal også på gardsbesøk i løpet av veka. Me ventar litt.

Nå har me hatt ei brannøving. Tenker det er lurt at elevane har med seg eit par med innesko. Så slepp ein å bli blaut på sokkane viss brannalarmen går.

Bjarte er vekke onsdag, og torsdag denne veka. Derfor vel eg også å gje mattelekse som eit arbeidsark, og vekelekse denne gongen.

Denne veka er leseleksene i norsk på bokmål, men det skal ein også kunne lese.

Hugs å ta med innesko!

NB! Ta med gymklede til gym på fredag.

NB! Lurt med litt klede som er greie å bevege seg i på torsdager.

NB! Underskrift på torsdagstest.

Mål me arbeidar med

Sosialt mål	Eg er ein god lyttar, når andre snakkar
Norsk	Eg les dikt med god rytme. Eg nyttar både verbaltekst og illustrasjonar i samansette tekstar. Eg kan skrive øveorda. Eg bruker komma, punktum, utropsteikn og spørjeteikn. Eg veit kva tid eg skal nytte stor bokstav.
Matematikk	Eg har strategier for å multiplisera der eit av tala er trossifra. Eg kan løyse tekstoppgåver med multiplikasjon.
Engelsk	I can describe my what happens in my schoolday
Samfunnsfag	Eg veit litt kva statistikk er.
Naturfag	Eg veit litt om korleis jorda vart til

Vekas sitat:

**Obstacles are those frightful things you see when you take your eyes off your goals.
(Henry Ford)**

"Grej og the week"-hint:

Bæra som badar før dei plukkast

På måndag	På tysdag	På onsdag	På torsdag
Norsk: Les tekst i lilla bok ein gong for deg sjølv og to gonger høgt for ein vaksen. Skriv 5 faktasetningar til teksten. Lag sjølv ei passande overskrift. Ta med underskrift på torsdagstesten.	Samfunn: Les s. 22-23 i samfunnsfagboka to gonger for deg sjølv og ein gong høgt for ein vaksen. Svar på spørsmåla s. 23 i rød skrivebok. Merk med lekse tysdag veke 39	Norsk: Les tekst i lilla bok to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Den grønne teksten les du i tillegg inn på Showbie under Undheim 2016 – 5.klasse – leselekse – veke 39. Legg vekt på å få god rytme sidan det er eit dikt. I lilla bok lagar du 5 spørsmål og svar til den rosa teksten. Overskrift: Geit. NB! Torsdagstest	Samfunn: Les s. 24 i samfunnsfagboka to gonger for deg sjølv og ein gong høgt for ein vaksen. Svar på alle "finn ut" spørsmåla i rød skrivebok. Merk med lekse torsdag veke 39. Bruk SSB.no for å finne svar på spørsmåla
Vekelekser: Engelsk: Les s 24 i Explore 5. Les 2 gonger for deg sjølv og ein gong for ein vaksen. Pugg orda som står under "Words to learn" på side 24 og 25. Gjer oppgåve 1 og oppgåve 2 s. 25 Matematikk: Arbeidsark			

Øveord: Desse skal du kunne skrive på torsdagstesten

geit – yste – balansere – drektig – killing – horn – delikatesse